



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 16/1924-11

**Klage på avslag på søknad om gjesteelevgaranti for elevplass ved Sauda vidaregåande skule i Rogaland - Elias Ekornesvåg Lødemel**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følgje.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

**Vedlegg:**

- Søknad, 21.02.16
- Attest frå trenar, 23.02.15
- E-post frå føresett, 04.04.16
- Klage, 25.04.16
- Uttale frå NVBF region Sogn og Fjordane, 28.04.16

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

- Svar på søknad, 07.04.16
- E-postkorrespondanse med Hafstad vgs. 12.04.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, 03.05.16
- Oversendingsbrev frå underinstansen, 03.05.16
- Stadfesting på at uttale frå NVBF blir lagt ved saka, 13.05.16

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Elias Ekornesvåg Lødemel søkte i brev dagsett 21.02.16 om gjesteelevgaranti for elevplass ved «ToppVolley»-tilbodet på Sauda vidaregåande skule i Rogaland fylkeskommune for skuleåret 2016/2017, sjå vedlegg 1. Dette er eit tilbod for ungdom som vil satse på volleyball i kombinasjon med vidaregåande opplæring.

Foreldra skreiv i vedlegg til søknaden at Elias har utmerka seg som ein svært talentfull spelar, og at han ønskjer å gå på «ToppVolley»-tilbodet for å utvikle talentet sitt vidare. Som grunnlag for søknaden syner foreldra m.a. til resultat frå NM for regionslag og U17. Vidare skriv foreldra at alle andre fylke i landet gir garanti til denne skulen, sjølv om det finst volleyball-linjer mange stadar. Berre dei beste i landet kjem inn på denne linja, og trenerane er på høgt internasjonalt nivå.

Fylkesdirektør for opplæring avslo søknaden ved brev av 07.04.16. I vedtaket syntet ein til § 2 i lokal inntaksforskrift, og påpeika at Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr eit spissa idrettstilbod i volleyball ved Hafstad vidaregåande skule.

Foreldra til Lødemel klaga på vedtaket ved brev dagsett 25.04.16, jf. vedlegg 4. I klagen skreiv dei at det ikkje er aktuelt for Lødemel å flytte på hybel for å gå på Hafstad vgs. Dei viser til at «Topp-Volley» er ein internatskule der dei får eit kosthald som er tilpassa treningsnivået.

Vidare viser foreldra til at elevar på Hafstad vgs. må melde seg inn i Førde Volleyballklubb. Lødemel ønskjer å fortsetje i KFUM Volda. Avslutningsvis peikar foreldra til Lødemel på at Stortinget denne våren skal handsame lovforslaget om friare skuleval over fylkesgrensene.

Fylkesdirektøren har vurdert klagen som underinstans. I brev dagsett 03.05.16 held fylkesdirektøren fast ved vedtaket om avslag på søknaden.

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegeringsreglementet kapittel 3.21, punkt 4.

## **2. Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lære plass i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Fylkeskommunen gir gjesteelevgaranti etter særskilde vilkår i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta, fastsett av FT 14.oktober 2014. Dersom ein søker får gjesteelevgaranti, må søkeren konkurrere på lik line med søkerar i opplæringsfylka. Fylkeskommunen betalar for skuleplassen etter satsar fastsett av KS.

Forskrifta § 2 lyder som følgjer:

*«For søkerar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar eller gje gjesteelevgaranti i andre fylke.*

[...]

*Fylkesrådmannen kan gje gjesteelevgaranti for søkerar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette».*

FT presiserte omgrepet «tungtvegande grunnar» i sak 19/2015, og gjorde følgjande vedtak:

1. *Kriterium for tungtvegande grunnar vert å forstå slik:*
  - a. *Det må ligge føre dokument erte medisinske grunnar frå søker, og/eller*
  - b. *Det må liggje føre dokumenterte sosiale grunnar frå søker, og/eller*
  - c. *Søker må dokumentere at han eller ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå. I kva grad søker med dokumentert høge ferdigheiter kan utvikle seg med tilrettelegging i vidare - gåande opplæring i vår eigen fylkeskommune, vil bli vektlagd i vurderinga. Det er ein vidare føresetnad at det heller ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innan området der søker kan dokumentere særskilt høge ferdigheiter. Det er avgjerande at søker kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område. Dokumentasjon på oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.*
2. *Ferdigheiter elles vert ikkje rekna som tungtvegande grunnar ved spørsmål om kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti i andre fylkeskommunar, der vi har eit «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidretts utøvarar.*

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Søknaden om gjesteelevgaranti ved Sauda vidaregåande skule gjeld inntak til «ToppVolley Norge».

Sogn og Fjordane fylkeskommune gir gjesteelevgaranti for søkerar til andre fylkeskommunar dersom søkeren kan dokumentere særskilt høge prestasjonar. Dette gjeld likevel berre dersom søkeren ikkje får utvikle seg tilfredstillande med det tilbodet som finst i Sogn og Fjordane. «Tungtvegande grunnar» tek ikkje sikte på å omfatte tilfelle der søker kan utvikle talentet sitt her i fylket. Det er presisert i pkt. 2 i vedtaket at ferdigheiter ikkje vert rekna som tungtvegande grunnar ved spørsmål om kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti i andre fylkeskommunar, der vi har eit «spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidretts utøvarar». Vedtaket inneber at fylkeskommunen ikkje gir gjesteelevgaranti for søkerar til andre fylkeskommunar dersom fylkes-kommunen sjølv tilbyr eit spissa tilbod for idrettsutøvarar.

«Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidretts utøvarar» er ei ordninga for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett. Dette er eit tilbod til dei som kan defineraast som potensielle toppidrettsutøvarar. Den spissa idrettssatsinga skjer i nært samarbeid med Sogn og Fjordane idrettskrins. Bakgrunnen for tilboden er at fylkeskommunen og idrettskrinsen vil leggje til rette for at fleire skal få utvikle seg i idretten sin i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har ei ordning med spissa idrettstilbod i volleyball ved Hafstad vidaregåande skule. Som fylkesdirektøren vil også fylkesrådmannen påpeike at Førde Volleyball er norgesmeistrar, slik at nivået må seiast å vere høgt.

Informasjon om ordninga er mellom anna tilgjengeleg på vilbli.no, og sfj.no:

[http://img4.custompublish.com/getfile.php/2956669.2344.bwfcesvpd/Folder\\_inntak\\_potensiell\\_toppidrettsutovar\\_januar\\_2009.pdf?return=www.sfj.no](http://img4.custompublish.com/getfile.php/2956669.2344.bwfcesvpd/Folder_inntak_potensiell_toppidrettsutovar_januar_2009.pdf?return=www.sfj.no)

Klagar kan syne til gode resultat og attestar frå trenar og NVBF, men som fylkesdirektøren skriv i svaret på klagen vil ikkje ferdigheiter bli rekna som tungtvegande grunnar for å gje gjesteelevgaranti i dette tilfellet. Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei ordning med spissa idrettstilbod i volleyball ved Hafstad vidaregåande skule, opnar ikkje FT sitt vedtak i sak 19/2015 for at klagar kan få gjesteelevgaranti.

Klagar peikar på også på at Stortinget skal handsame eit lovforslag om fritt skuleval denne våren. Det er riktig at kunnskapsdepartementet har kome med forslag om friare skuleval over fylkesgrenser (Prop. 72 L (2015-2016)). Fram til ei ev. lovendring legg fylkesrådmannen den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta til grunn.

Avslutningsvis hevdar foreldra til søkjar at alle andre fylke i landet gir garanti til denne skulen. Det er opp til kvar enkelt fylkeskommune å fastsetje si lokale inntaks- og formidlingsforskrift. Dette kan medføre ulike reglar om gjesteelevgaranti, men fylkeskommunen må uansett følgje inntaks- og formidlingsforskrifta vedteke av FT 14.10.14

#### **4. Økonomiske konsekvensar ved gjesteelevgaranti**

Det følgjer av KS sitt skriv av 30.03.16 om gjesteelevsatsar i vidaregåande opplæring for kalender-året 2016 at ein gjesteelevplass i dette tilfelle vil medføre ein kostnad for fylkeskommunen på 105 700 kroner for eit skuleår, såframt klagar når opp i konkurransen med dei andre søkerane, slik at han kjem inn på skulen.

<http://www.ks.no/globalassets/vedlegg-til-hvert-fagomrader/utdanning-og-oppvekst/skole/gjesteelevssatser/satser-for-gjesteelever-i-videregående-opplaring-for-kalenderaret-2016.pdf>

#### **5. Konklusjon**

Fylkeskommunen har ei ordning med spissa idrettstilbod i volleyball ved Hafstad vidaregåande skule. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)